



Statens vegvesen

Referat

Dato: 24.06.2011
Tid: 1500 – 1630
Referent: Kjell Grønsberg

Drøfting: Håndtering av varsel om innsigelse frå Fylkesmannen og NVE, reguleringsplan E6 Nordkjosbotn – Storfjord grense

Stad/tid: Balsfjord kommune, Rådhus. Fredag, den 24. juni. kl. 1500-1630
Deltakarar: Balsfjord kommune: Gunda Johansen, Hogne Eidissen, Viggo Jørn Dale, Siri Skaalvik, Kåre Nygård
Fylkesmannen i Troms: Svein Ludvigsen, Cathrine Henaug, Helge Huru
NVE: Eva Forsgren, Gunnar Kristiansen
Statens vegvesen: Stein Johansen, Kjell Grønsberg

1. Innleiing v/ordføraren

Ordførar Gunda Johansen ynskte velkomen og ga ordet til Statens vegvesen

2. Reguleringsplan for omlegging E6, Statens vegvesen

Planleggingsleiar ga innleiiande kommentar i høve til framdriftsplan og NTP 2014-2019. For å koma i posisjon for utløyning av midlar tidleg i perioden er målet å få godkjent reguleringsplan innan hausten 2013. Det vart vidare orientert om gjennomførte aktivitetar med formøter med kommunen, NVE og Fylkesmannen i fjor haust, utreiingskrav, planprogram, folkemøte og samarbeidet med kommunen. Vegvesenet står elles overfor fleire sesongaktivitetar.

Prosjektsjef ga kommentar på strekninga ifht. stamvegnettet vidare nordover. Statens vegvesen ser alvorleg på varselet og er redd for at det blir vanskeleg å få godkjent reguleringsplan etter vedtatt alt. 2. Vegvesenet er difor opptatt med avklaringar for å unngå tap av tid og store kostnader.

3. Kommunedelplan - vedtatt trasè, Balsfjord kommune

Balsfjord kommune kommenterte prosessen med behandling av kommunedelplanen i 2007 og at det var omsynet til befolkninga langs dagens E6 i området ved piggsteinen og forbi Øvergård som gjorde at ein valte alt. 2. Rådmannen fortalte at kommunestyret vil drøfta omlegging av E6 i september med bakgrunn i innkome varsel. Ordføraren er opptatt med det prinsipielle rundt eit godkjent fatta vedtak der ingen innsigelsar fulgte med behandling av kommunedelplanen, og er oppgjeven og spørrende til mottatt varsel om innsigelse.

Postadresse
Statens vegvesen
Region nord
Nordstrandveien 41
8002 Bodø

Telefon 06 64 0
Telefaks 75 55 29 51
firmapost-nord@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Killenqreensgt. 6
Tromsø

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordvn 18
9815 VADSØ
Telefon 78 94 15 50
Telefaks 78 95 33 52

4. Merknader planstart/planprogram jf. brev datert 15.04 og 01.06, Fylkesmannen og NVE

Fylkesmannen har forståing for den vanskelege situasjonen som både kommunen og vegvesenet er komen i, men forklarte at vernet står sterkt og at bl.a. lov om naturmangfald som kom i 2009 har skjerpa krava ytterlegare. For tiltak i verna vassdrag er restriksjonane enda meir omfattande.

NVE framheva omsyna til verna vassdrag ifht. naturmangfaldslova, vannressurslova og rikspolitiske retningslinjer med forskrift til plan og bygningslov som grunnlag for innsigelsesvarsel. Av fleire årsaker vil ikkje NVE tilrå at reguleringsplanarbeid bygger på føreliggande kommunedelplan. Eit av momenta her er alderen på kommunedelplanen. At innsigelse ikkje vart fremma på kommunedelplanen, kan ha samanheng med “tradisjon” og dei verkemiddel som statlege etatar brukte mot kvarandre.

5. Drøfting og avklaring

For å sikra vidare framdrift av planarbeidet, vart følgjande forslag drøfta.

1. Kommunen gjer om vedtaket til alternativ 3
2. Utarbeider reguleringsplan etter vedtatt trasè 2
3. Departement, innsigelse
4. Departement, statleg plan

Kommentarar:

1) Med tanke på tid og framdrift, vil det mest besparande vere at kommunen endrar vedtaket. Planmyndigheiten vil då framleis vere i kommunen, og for vegvesenet vil dette vere enklare ettersom krava til vidare utreiing vil vere avgrensa. Både Fylkesmannen og NVE tilrår at kommunen gjer om vedtaket til alt. 3. Med omsyn til landbruksinteressene og bebuarar langs dagens E6, er kommunen iflg. ordføraren mindre villig til å etterkoma dette.

2) For vegvesenet vil det utfrå kostnader og tid vere vanskeleg å halde fram med planlegging etter vedtatt linje, ettersom varsla om innsigelse er såpass sterke.

3) Avklaring i departement ifht. innsigelse tar i snitt opp mot 1 år og vil følgeleg forseinka planarbeidet betydeleg og prioriteringane i NTP. Kommunen ga uttrykk for at dei gjerne ser at varselet vert prøvd i departementet. Viss utfallet etter behandling i departementet blir medhald til kommunen, kan ein likevel venta å få innsigelse til alt. 2 når reguleringsplan for dette alternativ vert lagt fram. Då vil løysinga etter alt å dømme likevel vere alt. 3.

4) Dersom statleg plan blir løysinga, vil slik plan bli fremma og gjennomført etter alt. 3. Departementet vil då tre inn i kommunestyret sitt myndigheitsområde. Vegvesenet ser dette som ein moglegheit.

Oppsummering

Vidare saksgang er lagt til kommunestyret sin behandling av spørsmålet i september. Innkome merknader frå planprogrammet med tilrådingar blir sendt kommunen.